

Klypetuss-karusellen rullar vidare

Surt ver , men flott deltaking!

Nede på sletta ved Stordalsvatnet er det kontrollmålt 1269 m frå sletta byrjar i Lundavågen og til Ungdomshuset på Frette. Denne torsdagen var det skikkeleg surt ver med hagl før start, men folk møtte opp. I alt 53 deltakarar. 14 løparar frå 5 ulike idrettslag og heile 39 turgåarar.

Sondre Rullestad og Vegard Årthun Bergane i tøff fight

Vegard Årthun Bergane frå Matre IL leia heile det tradisjonsrike Bjørkeklubben Over heilt til nokre få meter frå målstreken. Då slo Sondre Rullestad frå Fjæra og Rullestad IL til og fekk hive seg fyrst over mål. Berre eitt fattig sekund skilte dei to. De to ungdomane var heilt suverene. Ole Rullestad frå Fjæra og Rullestad IL og Øystein Ekrheim, Etne IL hadde ein like tøff fight, der Ole kom eitt sekund føre. Desse er monaleg yngre enn dei to fyrste, så det var verkeleg gode løp på dei og. Elles var tilskiparane imponerte over at Matre IL stilte med heile 6 deltakarar. Dei kom i båt over fjorden frå Åkra. Eirik Berge var best av desse på den respektable tida 4.39. Tøres Rullestad er veslebror til Sondre som vann. Han er mykje yngre enn dei hine, og imponerte med tida 5.40.

Gisle Sellevold (sistemann)